

**SOGN CYKLEKLUBB**

Referat: Styremøte
Tid og stad: Onsdag 02.12.15
Tilstades: Cathrine Stigen Bøen, Weronica Øvstetun, Erik Sannebro, Reni Herland,
Forfall: Knut Kjærvik
Referent:

Saksnr:	Sak:	Ansvar/frist :
021215/ 1	Godkjent referat frå førre møte Ok.	
021215/ 2	Honorar til JTR Styret ser at det kan vere nødvendig å honorere ansvarlege i Jotunheimen Rundt for å sikre kontinuitet for arrangementet. Styret ønsker å få oversikt frå Håkon over kva summar det er snakk om per år, og korleis denne summen skal fordelast på aktuelle rollar i "leiargruppa" for Jotunheimen Rundt. Honorar til gruppa utbetales frå 2016. Styret ber Rittleiar Håkon Nesse skrive ein arbeidsbeskrivelse før dei ansvarlege i leiargruppa før Jotunheimen Rundt. Eventuelt nyval av rittleiar tek valnemnda i Sogn CK ansvar for. Vedtak av dette ønsker styret som eit punkt på neste årsmøte.	Catherine
021215/ 3	Sykkelbekledning Det har vore ein god diskusjon/idédugnad på klubbens facebook-gruppe angående drakt. Erik tek forslaga vidare til Kalas. Styret har bestemt det ikkje blir sponsorer på klubbdrakta frå 2016. Alternativ på drakt er enten med eller utan blått under armar og med eller utan Norskeflagg. Kalas føreslår vi tek eit klubbmøte i slutten av Januar der vi bestemmer design og Kalas viser klede og størrelsar som vi kan prøve. Styret bør før dette møtet bestemme type kolleksjon vi ska tilby i klubben.	Erik
021215/ 4	Sponsoravtalar Klubben har sponsoravtale med SPV i 2016, avtaleperioden fornyas ikkje. SPV gjer ikkje krav på å ha logoen sin på den nye klubbdrakta i 2016. Klubben har ikkje sponsoravtale med Intersport lengre, då ein har valt Kalas som leverandør av drakter.	Cathrine



	Jotunheimen Rundt "leiargruppa" arbeider med sponsorar for rittet.	
021215/ 5	Retningslinjer ungdomsstipend; rittrefusjon. Styret endrar retningslinjer frå 2016. Krav til støtte som gjeld for ungdomsstipend skal ogso gjelde for støtte til deltaking i ritt: <ul style="list-style-type: none">▪ Levere rittrapport med bilete og informasjon frå alle ritt, innlevering seinast veka etter ritt (på klubben facebook-side)▪ Presentere oppsummering av sesongen ved sesongslutt/sponsormøte▪ Delta på dugnader td. Jotunheimen Rundt, Tour of Kids)▪ Delta på fellestreningar då det er muligt. Dette før å aktivere, stimulere og engasjere andre syklistar i klubben.▪ Ungdomsstipend utbetales ved sesongslut.	Knut
021215/ 6	Sogn CK-Terreng Gruppleiar Otto Eikeset har sendt referat fra stiftingsmøte Sogn CK-terreng. Styret syns dette er eit godt tiltak før å samle interesserte terrengsyklistar i Sogn CK . Måten ein skal samarbeida med Sogn CK-terreng og retningslinjer, skal diskuterast med terrenggruppa på neste styremøte, der Otto Eikeset blir innkalt.	Erik
021215/ 7	Årsmøte før 2015 Dato og sted bestemmes ved neste styremøte.	Catherine